



## Minnetale over Toril Swan

Holdt på møte  
16. mars 2023

Av Tove Bull

Professor emerita Toril Swan døydde den 13. september 2022, om lag ein måned før ho ville ha fylt 77 år. Ho fekk ein kreftdiagnose i februar/ mars same året. Til å begynne med var det håp; eit håp som etter kvart forvitra. Den siste tida ho levde, var ei vond tid for henne og for dei nærmaste.

Toril voks opp på Nesna. Ho var sterkt knytt til Nord-Norge, havet og hurtigruta, hadde besteforeldre i Bø i Vesterålen, og så lenge dei levde, var ho der ofte. Men etter at mora døydde da ho var berre 10 år, flytta faren med Toril og ein yngre bror til Drøbak. Skoleåret 1963/64 hadde ho stipend for å gå på High School i USA, kom tilbake til Norge etter eitt år, skaffa seg erstatningslærarjobb i Bø før ho tok artium som privatist og vende attende til USA sommaren 1965. Der studerte ho på Bates College i Maine og College of William & Mary i Williamsburg. Ho tok ein BA-grad i filosofi ved Bates i 1970 og flytta deretter til Philadelphia, før ho vendte attende til Norge i 1975 saman med sonen Adam, som var fødd i 1972. Vel heime i Norge starta ho hovudfagsstudium i engelsk på Blindern, tok eksamen i 1978, flytta så til Trondheim der ho hadde fått eit vikariat på universitetet. I 1980 fekk ho sin første faste jobb som amanuensis i engelsk språkvitskap på det relativt nye universitetet i Tromsø. Mesteparten av den akademiske løpebana hennar kom til å finne stad i Tromsø, men ho levde med hyppige forflyttingar heile livet.

Når eg har gått så pass detaljert inn på dette mønsteret med flytting som

Toril erfarte frå tidleg alder, mellom Nord- og Sør-Norge og mellom Norge og USA, er det ikkje tilfeldig. Toril hadde røter i Nord-Noreg, men ho hadde jammen også føter, kanskje meir føter enn røter.

USA-åra hennar blei skilsetjande, på mange måtar. Livet gjennom dyrka ho ei djup interesse for dette store, mangfaldige og motsetnadsfulle landet. USA var hennar andre fedreland. Ho las vidt og breitt om landet, abonnerte på aviser og tidsskrift, var uroleg for framtida til dette konglomeratet av ein nasjon, men som i alle andre saker såg ho «retta og vranga på livsens vev» som Aasmund Olavsson Vinje uttrykte det. Ho hadde store kunnskapar om USA, som ho hadde på mange andre felt, og heldt seg godt oppdatert. Eg trur ikkje eg kjenner nokon som visste så mykje om USA og hadde så masse å bidra med frå ulike kjelder og også frå egne erfaringar. Eit døme på denne djupe USA-kjærleiken og USA-kritikken hennar gir kanskje emnet for hovudfagsoppgåva hennar som hadde tittelen: *Hedged performances in American political and legal discourse*.

Toril blei dr.philos. i 1987 på avhandlinga *Sentence adverbials in English: A synchronic and diachronic investigation*. Avhandlinga, som er på 556 sider, blei utgitt på Novus forlag i 1988. I åra etter disputasen heldt ho fram med å publisere artiklar om adverbial i ulike publikasjonar og i ymse samanhengar, anten åleine eller i samforfattarskap med andre, mellom anna med mannen sin, Leiv Egil Breivik. Ho forska også på norske adverbial og skreiv vitskapleg både på engelsk og norsk, mest på engelsk naturlegvis; ho var jo anglist. Eg er freista til å nemne noko som iallfall eg har gjort til ein anekdote om Toril og adverbial. Vi to var kollegaer og utvikla eit svært nært og godt vennskap, og vi samarbeidde mykje. Toril kalla seg sjølv innimellom skapnordist. Ho var dekan på det som da heitte Det humanistiske fakultet mellom 1996 og 2002. Dekanperioden hennar overlappa delvis med rektortida mi. Ho kjende til at eg arbeidde for å få Salman Rushdie utnemnd som æresdoktor på UiT. Og da det var avklara, og eg fortalde henne det, utbraut ho: Åh, han har så vedunderlege adverbial! Eg kunne sjølv sagt ikkje la vere å nemne det i talen eg heldt for Rushdie. Og da den var ferdig, kom Rushdie ilande bort til meg og spurde: Who is the Dean of the Faculty of Humanities? Eg peikte på Toril, og Rushdie ilte vidare. Dei må ha hatt ein spennande adverbialdiskusjon, for samtalen varte lenge. Og Toril visste kva ho snakka om. I 1999 publiserte ho nemleg ein artikkel med tittelen *A feast of senses: Rhetorical devices in the prose of Salman Rushdie with special reference to metaphors and adverbs*.

Toril blei professor i 1990. Ho hadde ei brei og mangfaldig fagleg interesse, noko publikasjonslista hennar tydeleg dokumenterer. Såleis meiner eg

det er rett å karakterisere henne som både spesialist og generalist. Ho utvikla seg openbert som spesialist på adverbial, spesielt setningsadverbial. Men ho fordjupa seg i mange andre lingvistiske emne og disiplinær i tillegg. Ho kan karakteriserast som historisk lingvist, kognitivist, grammatikar, sosiolingvist, metaforforskar. Eg kunne ha komme opp med fleire stikkord.

Ho tok relativt tidleg til å arbeide med språk og kjønn innanfor rammene av det vi da kalla kvinneforskning. Ho og eg samarbeidde mykje på dette feltet. Det aller siste arbeidet på Torils publikasjonsliste er ein artikkel i boka *Women in the History of Linguistics* som kom ut på Oxford University Press i 2020. Artikkelen er eit resultat av eit frydefullt samarbeid mellom Toril, amerikansk-danske Carol Henriksen og meg. Den har tittelen *Obstacles and opportunities for women linguists in Scandinavia*.

Ein viktig eigenskap Toril hadde, var evne til å samarbeide med andre. Også det er godt dokumentert av publikasjonslista hennar. Det gjaldt forskningssamarbeid, der mannen hennar, Leiv Egil Breivik, truleg var hennar fremste samarbeidspartnar. Samarbeid ho tok del i, dreidde seg likevel ikkje berre om forskning. I løpet av ein tiårsperiode, frå 1992 til 2002, var ho medredaktør av seks publikasjonar, som bestod av ei artikkelsamling, eit festskrift og fire konferanserapportar. Dei fire konferanserapportane bygger på konferansar som Toril var med på å initiere, planlegge, arrangere og gjennomføre. Av erfaring kan eg slå fast at Toril aldri var den som bidrog minst, snarare la ho mykje arbeid i slik verksemd og delte raust med dei som kanskje ikkje gav like mykje attende.

Toril skreiv òg gjerne populærvitenskapleg, og ho melde bøker i ymse tidskrift, i tillegg til å ta del i faglege og ikkje-faglege diskusjonar i offentlegheita.

Eg nemnde at Toril hadde minst like mykje føter som røter. Jamvel om storparten av yrkeslivet hennar fann stad på UiT, hadde ho fleire avbrekk derfrå. Ho var gjesteprofessor på Universitetet i Zürich i vårsemesteret 1995, hadde tilsvarande rolle på Universitat Wien varen 2002, var Honorary Visiting Scholar ved University of Western Australia november 2002 - januar 2003 og ogsa mellom desember 2004 og januar 2005. Varen 2006 var ho gjesteforskar pa Universitetet i Bergen. Gjennom alle ar reiste ho jamleg til Oxford der biblioteka gav henne gode vilkar for arbeidet med ulike forskingsprosjekt. I tillegg kan det nemnast at ho var tilsett dekan ved Universitetet i Stavanger fra 2003 til 2004. Men vi fekk henne heldigvis attende til Tromsø.

Det gar vonleg fram av det eg har sagt til no at Toril var ein hardt arbeidande forskar. Ho hadde stor arbeidskapasitet.

Toril var også ein dedikert lærar. Og ho var verdsett av studentane sine. Ikkje minst sette doktorgradsstudentane som ho rettleidde, stor pris på henne. Og ho verdsette studentane. Ho var på mange måtar ein kreativ og original lærar, frigjorde seg lett frå eit konvensjonelt pensum, og redefinerte såleis pensum, men da i samarbeid med studentane. Så ho underviste om avisspråk når studentane interesserte seg for det. Eg hugsar eg tenkte da ho fortalde meg at ho skulle gje eit kurs om «English words», at jammen er Toril driftig og tar på seg mykje, også innan ein disiplin som ho må setje seg inn i frå grunnen av, i dette tilfellet leksikografi. I staden for å bygge vidare på emne ho har undervist i før laga ho nye kurs som kosta ekstremt mykje arbeid. Slikt var typisk Toril.

Ved sida av å vere ein dyktig og arbeidsam forskar og lærar høyrer Toril til dei akademikarane som ikkje hadde noko imot administrativt og byråkratisk arbeid og som utan å mukke tok på seg den slags oppgåver. I løpet av dei første par tiåra av verksemda på UiT da talet på tilsette var relativt lågt, var det heilt naudsynt å fordele dei universitetspolitiske og administrative bøkene på så mange som mogleg av dei tilsette. Slik fekk relativt mange unge og ofte heller uerfarne nyttilsette i vitskaplege stillingar tidleg prøve seg på slikt arbeid, noko mange av dei nyttiggjorde seg seinare. I CVen sin seier Toril: «Since 1980, I have sat on innumerable committees and boards of various kinds – a few of them listed below»; Og så kjem det ei lang liste. Dei fleste oppdraga på lista kan karakteriserast som universitets- og forskingspolitiske og/eller universitetsadministrative engasjement, mange av dei knytte til forskarutdanninga. Ho engasjerte seg også utanfor academia, og var mellom anna gjennom mange år styremedlem og styreleiar i Human-Etisk Forbund i Bergen.

Toril var ikkje berre driftig og arbeidsam; ho var også motig. Det kom til uttrykk på mange måtar. Ho stod for det ho trudde på, for det ho meinte var rett. Og ho stod opp for folk som trong støtte og som ho meinte var behandla dårleg. Det gjaldt ikkje minst studentar. Toril er dessutan eit av dei mest tolerante menneske eg har kjent. Samstundes hadde ho ein skarp kritisk intelligens. Den kunne komme til uttrykk når ho tilsynelatande uskuldig stilte spørsmålet: Hva mener du? Det skjedde oftast når ho arresterte nokon i å seie noko dumt, noko som avslørte kor dårleg vedkommande tenkte. Dei gongane eg har vore vitne til det, er relativt mange, og eg har heilt sikkert fått spørsmålet sjølv også. Alle desse gongene såg eg verkeleg opp til henne, og ønskte at eg hadde hennar sinnsro og vennlegheit, når eg arresterte nokon for å tenke dårleg. Rett nok var vennlegheita hennar kanskje tilsynelatande,

og spørsmålet først og fremst ironisk, men samstundes sokratisk. Og det inviterte til diskusjon.

Å kunne stille sokratiske spørsmål føreset kritisk intelligens, vil eg meine. I Torils tilfelle var desse eigenskapane kombinert med rausheit, omsorg og empati.

Vi som var nære kollegaer med henne, kunne ikkje ønskt oss ein betre kollega – og venn.

Eg lyser fred over Toril Swans vakre minne.

### **Eit utval av Toril Swans publikasjonar i kronologisk rekkjefølgje:**

- 1982 A note on the scope(s) of *sadly*. *Studia Linguistica* 36, s. 131-140.
- 1988 *Sentence adverbials in English: A synchronic and diachronic investigation*. Oslo: Novus.
- 1991 Adverbial shifts: Evidence from Norwegian and English. I Kastovsky, D. (red.) *Historical English syntax*. Berlin: Mouton de Gruyter, s. 409-438.
- 1989 The development of sentence adverbs in English. *Studia Linguistica* 42/1, s. 1-17.
- 1991 Notat om kvinner i norske aviser i det 20. århundre. I Alhaug, G. et al. (red.) *Heidersskrift til Nils Hallan*. Oslo: Novus, s. 453-471.
- 1992 Forskning om språk og kjønn i Norge. I Gunnarsson B.-L. & C. Liberg (red.) *Språk, språkbruk och kön*. Uppsala: ASLA, s. 39-45.
- 1994 A note on Old English and Old Norse initial adverbials and word order with special reference to sentence adverbials. I Swan, T., E. Mørck og O. Westvik (red.) *Language change and language structure: Older Germanic languages in a comparative perspective*. Berlin: Mouton de Gruyter, s. 233-270.
- 1995 Gender and language change: The case of Norwegian. I Broch, I., T. Bull og T. Swan (red.) *Papers from the Second Nordic Conference on Language and Gender*. University of Tromsø: *Nordlyd* 23, s. 298-315.
- 1996 A note on subject modifiers in *Ælfric's Lives of Saints*. I Bjørhovde, G. og G. Rogne (red.) *Papers from the 6th Nordic Association Conference: University of Tromsø*, s. 477-485-
1997. Old English subject modification and adverbialization. I Fries U., V. Müller og P. Schneider (red.) *From Ælfric to the New York Times: Studies in English Corpus linguistics*. Amsterdam: Rodopi, s. 149-159.

1997. From manner to subject modification: Adverbialization in English. *Nordic Journal of Linguistics* 20, s. 179-195.
1998. Adverbialization in Old English. I Fisiak J. og M. Krygier (red.) *English historical linguistics 1996*. Berlin: Mouton de Gruyter, s. 243-256
2002. Kvinner, ledelse og språk i akademia. I Henriksen C. (red.) *Sprog og Køn III. Oplæg fra et seminar på RUC 6.11.2001*, Roskilde Universitetscenter, s. 93-102.
2002. *-ende/-ing* in the history of English. I Hladky J. (red.) *Language and function*. Amsterdam: John Benjamins, s. 297-313.
2003. Present participles in the history of English and Norwegian. *Neophilologische Mitteilungen* 2, s. 179-195.
2004. Kvinner i akademia. I Grønstøl, S. (red.) *Kjønn i sentrum*. Høgskolen i Stavanger.
2006. What does it actually/probably/mean to be an adverb? I Breivik, L. E, S. Halverson og K. Haugland (red.) 2007. *“These things I write unto thee...” Essays in honour of Bjørg Bækken*. Oslo: Novus, s. 255-268.
- 2007 Babes, bimboer og hønker. I Gunnarsson B.-L., S. Entzenberg og M. Ohlsson (red.) *Språk och kön i nutida och historiskt perspektiv*. Uppsala Universitet, s. 264-275.
- 2009 Metaphors of body and mind in the history of English. I *English Studies*, s.1-17.
- 2010 Spatial metaphors in Norwegian and English. I *Neophilologische Mitteilungen* 1, s. 273-285.
- 2014 Hopefully: The evolution of a sentence adverbial. I Haugland K., K. McCafferty og Rusten K. (red.) *‘Ye whom the charms of grammar please’: Studies in English Language History in Honour of Leiv Egil Breivik*. Bern: Peter Lang, s. 99-116.

### **Døme på publikasjoner i samarbeid med andre (eit lite utval):**

- 1994 Toril Swan og Leiv Egil Breivik. Initial adverbials and word order in English with special reference to the Early Modern English period. I Kastovsky D. (red.) *Studies in Early Modern English*. Berlin: Mouton de Gruyter, s. 11-45-
- 1997 Toril Swan og Leiv Egil Breivik. Subject-oriented adverbs in a diachronic and contrastive perspective. I Hickey, R. og S. Puppel (red.)

- Language history and linguistic modelling. Festschrift to Jacek Fisiak.* Berlin: Mouton de Gruyter, s. 395-421.
- 2011 Toril Swan og Leiv Egil Breivik. English sentence adverbials in discourse and cognitive perspective. *English studies* 92/6, s. 679-692.
- 2012 Toril Swan og Leiv Egil Breivik. Spatial metaphors in Norwegian newspaper language. I Anderson G. (red.) *Exploring Newspaper language. Using the web to create and investigate a large corpus of modern Norwegian.* John Benjamins, s. 307-329.
- 2002 Toril Swan og Tove Bull: De/construction of gender roles through language variation and change: the case of Norwegian. I Hellinger, M. og H. Bußmann (eds.) *Gender across languages.* Amsterdam: John Benjamins, s. 221-251.
- 2020 Toril Swan, Tove Bull og Carol Henriksen: Obstacles and opportunities for women linguists in Scandinavia. I Ayres-Bennet, W. og H. Sandos (red.) *Women in the History of Linguistics.* Oxford University Press, s. 245-278.